



# ROVVILTNEMNDA I REGION 3 Oppland

Klima- og miljødepartementet

Deres ref

Vår ref

Arkivnr

Dato 11. oktober 2018

## Samordningsoppdraget for jerv i Sør-Norge

I brev frå KLD av 21. mai 2014 fekk rovviltnemnda i region 3 (Oppland) eit samordningsoppdrag for jerv i Sør-Norge. Målet med samordningsoppdraget var: Å få auka kunnskap om den sørvestlege delbestanden av jerv og ei nærare vurdering av moglege tiltak for å sikre ei langsiktig bevaring av denne delbestanden.

Oppdraget er nærare konkretisert i brev av 28. januar 2015 og i møte hos KLD med region 1, 2, 3, 5 og 6 den 24. september 2015. Kort oppsummert var oppdraget:

- *Region 3 skal komme med anbefalingar om tiltak som skal betre bestandssituasjonen i det sørvestlege jerveområdet og sikre utveksling av individ mellom delbestandane av jerv.*
- *Region 3 skal i samarbeid med dei andre nemndene gjere greie for kva ein treng av data for å gjere ei evaluering av dagens sonering for å finne ei optimal sonering for jerv/beitebruk i Sør-Norge.*
- *Ein foreslår at ein involverer Rovdata i arbeidet og at betydninga av innvandring frå Sverige blir teke med i vurderingane.*

I dialogen med KLD har vi fått forståing av at det innanfor oppdraget kan tenkjast litt fritt i forhold til anbefalingar av framtidig forvaltning av jerv.

### Samordning mellom nemndene

Klima- og miljødepartementet ba region 3 (Oppland) om å ha ei særleg samordningsrolle når det gjeld jerv i Sør-Norge fordi denne regionen grensar opp til dei andre regionane; 1, 2, 4, 5 og 6. Dette innebar eit ansvar for samarbeid og dialog, og ikkje endringar i nemndene sine sjølvstendige myndigheit for fastsetting av forvaltningsplanar i dei enkelte regionane.

### Systematisk oversikt over kva som er gjort i arbeidet:

2015: Rovviltnemnda i region 3/Fylkesmannen i Oppland bestilte ein gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget på jerv i Sør-Norge av NINA/Rovdata- Rapporten i aug/sept 2015. Rapporten var finansiert av Miljødirektoratet og nemnda i region 3.

2016: I juni 2016 vart NINA-rapport 1255 *Samordning av forvaltning av jerv i Sør-Norge en kunnskapsoversikt* levert. Rapporten peika på at dagens jervesone var oppsplitta, der ein stor del av

---

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 3  
c/o Fylkesmannen i Oppland  
Serviceboks  
2626 LILLEHAMMER

Leder for rovviltnemnda:  
navn  
telefon  
e-post  
Adressen til Rovviltnemndas hjemmeside

Saksbehandler:  
navn  
telefon

dagens jervehi ligg utanfor sona, og mange leveområde for jerv var delt av sonengrenser. Samstundes konkluderer ein med at det er ei større utveksling av individ enn det ein tidlegare har trudd og at Østerdalen ikkje var ei barriere for utveksling. Eit arealanalyse-verktøy vil kunne bidra til å evaluere, vurdere eller optimalisere jervesona med å sjå på ulike løysingar utifrå ulike vektingar.

Den 22. september 2016 vart rapporten lagt fram for nemndene i eit fellesmøte med nemndene i region 1, 2, 3, 5, og 6 på Lillehammer. Det var einigheit i møte om å gå vidare med å utvikle eit GIS-verktøy for å kunne evaluere og ev. optimalisere jervesona. Det vart laga eit tidsløp der ein ville avslutte arbeidet med eit nytt fellesmøte februar 2017 og at ein svara ut oppdraget medio 2017.

I desember 2016 gav Region 3 og 6 midlar til NINA for utvikling av arealplanleggingsverktøy for å revidere dagens sonering for jerv i Sør-Norge. Så la nemndene i region 3 og 5 ned sine verv – alle fristar i 2017 vart utsett inntil vidare.

2018: 18. januar 2018 fekk vi ein foreløpig presentasjon av arealplanleggingsverktøy for sonering av jerv i Sør-Norge – nemnder og Fylkesmenn fekk høve til å gje innspel til NINA på dette.

13. mars 2018 hadde nemndene fellesmøte der NINA presenterte fleire resultat etter testing av arealverktøyet med omsyn til jervesonering i Sør-Norge.

1. oktober 2018 leverte NINA sluttrapport om arealanalyseverktøyet. Den har vore sluttfinansiert av rovviltnemnda i region 3 og Miljødirektoratet.

### **NINA rapport 1255 - Samordning av forvaltning av jerv i Sør-Norge - en kunnskapsoversikt**

Gjennom NINA Rapport 1255 "Samordning av forvaltning av jerv i Sør-Norge - en kunnskapsoversikt" fekk vi dokumentert at Østerdalen ikkje er noko barriere for utveksling mellom delbestandane for jerv i Sør-Norge. Dette var gledeleg og viser at jervebestanden i sørvest er levedyktig og har god utveksling i dag.

Rapportens hovudkonklusjonar er i tillegg at i dag er det Sør-Norske jerveområdet høveleg oppsplitta. 40 % av alle ynglingane er utanfor jervesona og sonengrenser deler mange leveområde for jerv. Det vil i framtida vere viktig med ein sikker forbinding mellom delbestandane. Ein større samanhengande bestand/område vil vere ein styrke for å bevare delbestandane i sør og den genetiske variasjonen i bestanden (inklusive dei alleler som er knytt til sør-vest). Det må ikkje nødvendigvis vere samanhengande område, men avstand mellom delbestandane vil vere viktig for bevaring i eit langt perspektiv (konektivitet).

Fram til no har ein trudd at Østerdalen har vore barriere for jerv. NINA meiner no at det er like sannsynleg at dei to delbestandane har spreid seg naturleg etter fredinga av jerv vart innført, og tilfeldigvis no møtes i Østerdalen. Ein ser no klare teikn på at delbestandane veks saman og går over i kvarandre. Til tross for eit høgt uttak i sør-vest, blir bestandsmåla oppfylte med sterk innvandring frå aust og delvis frå Sverige.

### **NINA rapport 1538 – Utvikling av planleggingsverktøy for en arealdifferensiert jerveforvaltning i Sør-Norge**

Rovviltnemndene bestilte eit forslag frå NINA til eit arealplanleggingsverktøy for å sjå korleis sonene vi har i dag slår ut mellom yngle- og leveområde for jerv og beitenæringa, både for sau og tamrein. Det har vore eit nyttig arbeid i forhold til å evaluere den soneringa ein har hatt til i dag.

I arbeidet med modellen har forskarar, forvaltarar og politisk valde forvaltarar jobba tett saman, og ei framtidig bruk av modellen vil kunne leggje til rette for ulike grupper kan samarbeide om rovviltforvaltninga.

### **Yngleområde, soner og bestandssituasjon**

KLD har sagt at region 3 skal i samarbeid med dei andre nemndene avgjere kva data ein treng for å gjere ei evaluering av dagens sonering for å finne ei optimal sonering for jerv/beitebruk i Sør-Norge.

For å gjere ei evaluering av dagens sonering engasjerte nemndene NINA for å samle data, og lage eit verktøy for å systematisere kunnskap og for å betre utgangspunktet for at nemndene saman kan sjå forvaltninga meir heilskapleg. NINA si rolle har vore å presentere kunnskap, samanstill data, og utvikle eit GIS-verktøy som nemndene eventuelt kan bruke i evaluering og i framtidig forvaltning. Det vil vere nemndene som bestemmer kva parameter som skal vektast.

Nemndene er i hovudsak einige om at vi ikkje ynskjer å endre soner prioritert for jerv vesentleg og heller ikkje meir overlapping med soner for andre rovviltarter enn det som allereie er i dag. Når det gjeld jerv, er det ulike utfordringar mellom regionane. Av dei regionane som har bestandsmål, ligg region 3 i gjennomsnitt godt over bestandsmålet på 4 ynglingar og har utfordringar med å få lisensfellinga til å lykkast (gj.snitt 7,7 ynglingar siste 3 år). Region 5 ligg også godt over bestandsmålet (5), men har meir utteljing på lisensfelling (gj.snitt 9,7 ynglingar siste 3 år). Region 6 ligg tettare på bestandsmålet (10), men har utfordringar med å fylle sitt delmål i Møre og Romsdal (gj.snitt region 6 siste 3 år; 10,7 ynglingar).

Nemndene har teke dei soneringsalternativa som har kome fram i NINA sitt arbeid til etterretning. Vi ser at på nokre punkt er dagens sone truleg ikkje optimal, men ser at han i det store og heile treff rimeleg bra. Nemndene meiner det ikkje er tilstrekkelege tungtvegande omsyn som gjer at nemndene samla går for å justere sonegrensene i denne omgangen. Det at kvar enkelt nemnd sjølv har vurdert korleis ein best skal løyse arealutfordringane i høve til beiteinteresser og andre omsyn i sin region, vil vere tungtvegande – særleg når ein ser at bestandtilhøva for den sørnorske jervestamma er meir enn tilfredsstillande sett i høve til bestandsmåla etter rovviltforskriftas § 4.

### **2.2.4 Rovviltforliket**

I Rovviltforliket under 2.2.4 står det:

"I de tilfeller der lisensfelling ikke gir tilfredsstillende uttelling, skal miljøforvaltningen så langt det er mulig sørge for at resterende kvote tas ut i de områdene lisensfelling kvote er gitt. Uttak i det som av rovvilt nemndene er definert som prioriterte beiteområder i de enkelte regionene blir prioritert."

Her meiner nemndene at det må ein tettare dialog til mellom både nemndene, Miljødirektoratet og SNO. Dersom vi skal nå den tosidige målsettinga, dempe konflikter og få forståing for forvaltninga, må dette fylgjast opp på ein meir målretta måte enn det er gjort fram til i dag.

**Klima- og miljødepartementet har signalisert at nemndene har høve å tenke litt fritt i forhold til anbefalingar av framtidig forvaltning av jerv:**

#### **Geografiske ulikeheiter gjev ulike utfordringar**

Gjennom deling av erfaring med ordinær lisensfelling og lisensfellingsprosjekt for jerv ser nemndene at dei geografiske forskjellane gjer at lisensfellinga fungerer på ulike måtar mellom regionane. Dette må takast omsyn til med tanke på verkemiddel til gjennomføring av lisensfellinga slik at ein klarar å halde talet på jerv på bestandsmåla og sikrar minst mogleg konflikt med beitenæringa. Dette må fylgjast opp framover. Vi ventar på evalueringane som no kjem av dei tekniske hjelpemidlane til bruk i jakt/fangst, og forventar ein god dialog om korleis vi skal optimalisere forvaltninga av jerv.

#### **Effektive verkemiddel for uttak i område med store skader**

Skadefelling utan resultat over lengre tid i beitesesongen kostar både tid, kreftar og pengar. Det skapar mykje frustrasjon, aukar konfliktnivået og svekker tilliten til forvaltninga når det ikkje gjev resultat. Her vil nemndene diskutere andre løysingar vi meiner kan vere meir målretta og effektive og kjem attende til dette. Det er viktig at nemndene deler ulike erfaringar og ser på nye tiltak for å gjere forvaltninga betre.

#### **Målretta uttak**

Forvaltning av rovdyr er på ingen måte statisk. Vi skal forvalte etter bestandsmål og beitenæringa har stor forståing for dette. Dei har forståing for at det i ein og annan beitesesong kan vere større tap til jerv, men når dette blir over fleire år, skapar det konflikstar. Samtidig har vi dei siste åra sett at målretta uttak i område med store tap har gjeve resultat og vil derfor at dette må vektleggast i større grad framover og vil vere i dialog med Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet om korleis vi kan løyse dette.

#### **Vegen vidare:**

Framover er nemndene einige om å ha samordningsmøte mellom leiarane i kvar rovviltnemnd/evt. heile nemnda som har forvaltingsansvar for jerv ein til to gonger i året. Det eine i fyrste halvdel av januar for å vurdere status for lisensfellinga og eventuelle ekstratiltak. På dette møtet kan med fordel heile nemndene møtast, og der Miljødirektoratet er til stades. Eit slikt møte kan ein mellom anna drøfte prioritering av ekstraordinære uttak og andre tiltak. Møtet kunne og nyttast til å ha ein gjennomgang av bestandsdata for jerv i Sør-Norge av Rovdata.

Det andre møtet kan vere i fyrste halvdel av oktober for å vurdere status for beitesesongen og regulering av jervebestanden, der omsyn til tapsområde blir vektlagt. Region 3 tek ansvar for å kalle inn til møta. Vi vil også på slike møte drøfte eventuelle nye tiltak innanfor jerveforvaltninga. Møte mellom nemndene kan og gjennomførast som telefonmøte etter kva for saker ein vil drøfte.

Vi meiner, og erfarer også, at «tett-på-prinsippet» i rovviltforvaltning er avgjerande for å gjere dei nødvendige vurderingane og justeringane i kvar enkelt region. Kvar enkelt nemnd består av medlemmer frå regionen som kjenner sitt område og har kunnskap som er viktig å ta med inn i forvaltninga i kvar enkelt region. Samtidig er det nyttig å dele erfaringar og få kjennskap og forståing for kva dei andre nemndene jobbar med og utfordringar som andre regionar har.

Med dette meiner vi at vi har gjennomført samordningsoppdraget og vil som resultat av dette:

1. Ha to dialogmøter i året med tema status lisensfelling, skadefelling, kvoter og status og eventuelt nye tiltak i forvaltninga.
2. Sende over forvaltningsplanar til orientering til dei andre nemndene før vedtak.

Vi ynskjer også å få evalueringa av den regionale rovviltforvaltninga på høyring.

Med helsing

for rovviltnemndene

Aud Hove, nemndsleiar region 3, Oppland

Vedlegg:

*NINA Rapp nr 1255 (juni 2016)* – Samordning av forvaltning av jerv i Sør-Norge – en kunnskapsoversikt

*NINA Rapp nr 1538 (oktober 2018)* – Utvikling av planleggingsverktøy for en arealdifferensiert jerveforvaltning i Sør-Norge



Jervespor i Vuludalen, Reinheimen